

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 24.10.2018 kl. 14.00 i
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar, Lerstadvegen 545**

SAKLISTE:

- Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.05.2018
- Sak 11/18 - Rekneskapsrevisjon 2017 for Sula kommune – oppfølging av enkelttema.
- Sak 12/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.
- Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 – Sula kontrollutval.
- Sak 14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Ronny Harald Blomvik
leiar
(sign.)

Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.05.2018

KONTROLLUVALET I SULA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 22.05.2018, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Geir Ove Vegsund.

Elles til stades:

Sverre Østrem og Inger Øien.

Forfall: Asbjørn Tryggestad og Ronny Blomvik.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut G. Alnes, Svein Ove Otterlei og Solrun Aannø Tusvik.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal, kommunalsjef Jørn Agersborg, økonomisjef Britt Blindheim og verneombud Randi Brandal.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent.

Sak 05/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 19. mars 2018 blir godkjent.

Sak 06/18 - Årsmelding 2017 – Sula kommune.

Innstilling datert 15.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Sula kommune til orientering.

Sak 07/18 - Årsrekneskapen 2017 – Sula kommune.

Innstilling datert 15.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyre:

Sula kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

Sak 08/18 - Eigarskapskontroll - ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøelskap IKS). Kunnskapsdeling med Sula kommune.

Innstilling datert 15.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 09/18 - Diverse orienteringar ved rådmann Leon Aurdal

Kontrollutvalet fekk fyrst ei orientering om arbeidet rundt nytt renseanlegg. Det blei gitt ei brei orientering rundt ulike milepæler og politiske vedtak i Sula kommune. Kontrollutvalet vil gjere ei vurdering ved eit seinare høve om saka kan være aktuell å sjå nærare på. Deretter fell kontrollutvalet ei orientering omkring arbeidet og implementering av det nye GDPR (personvern - datadirektivet) i Sula kommune. Verneombud Randi Brandal ga ei oppdatering på korleis dette arbeidet er løyst så langt i kommunen.

Saka var lagd fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Geir Ove Vegsund fremma på vegne av utvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar orienteringane til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalget tar orienteringane til vitande.

Møtet vart avslutta kl. 15.40

Geir Ove Vegsund
nestleiar
(sign.)

Sverre Østrem
medlem
(sign.)

Inger Øien
medlem
(sign.)

Sak 11/18 - Rekneskapsrevisjon 2017 for Sula kommune – oppfølging av enkelttema.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 21. september 2018; Rekneskapsrevisjon 2017 – Sula kommune.

Bakgrunn:

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Mottakarar:
Sula kontrollutval

Rådmannen i Sula kommune

Vår sakshandsamar:
Solrun Aannø Tusvik

Vår dato:
21.9.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Rekneskapsrevisjon 2017 – Sula kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2017 for Sula kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Etterleving av regelverket for offentlege innkjøp

Mellom leverandørar som har fått utbetalt beløp over nasjonale terskelverdiar i perioden 2014 – 2017 vart det plukka ut 8 leverandørar for nærare kontroll. Kommunen vart bedt om å gjere greie for korleis regelverket for offentlege innkjøp var praktisert i samband med innkjøp frå desse leverandørane.

For 5 av leverandørane har kommunen dokumentert at det er gjennomført konkurranse for det alt vesentlege av innkjøp i perioden. For 2 av leverandørane var det i 2014 gjort innkjøp over kr 100 000 utan dokumentert konkurranse. I perioden 2015-2017 er innkjøp frå desse 2 leverandørane gjort etter konkurranse.

Innkjøpsregelverket tilseier at anskaffelsar frå same leverandør over ei viss tid skal vurderast samla i høve terskelverdiane. Dette inneber at sjølv om kvart einskilt kjøp er av mindre beløp og til formål uavhengig av kvarandre, kan anskaffelsen kome over terskelverdiane. I perioden 2014-2017 er det gjort direktekjøp av rørleggartenester i så stort omfang at ein overstig terskelverdiane. Kommunen har no fått på plass rammeavtale for rørleggararbeid.

Test av kontrollar på lønnsområdet

Kommunen sine avstemmingar av skattetrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og pensjon er kontrollert. Det er ikkje avdekkja vesentlege avvik.

Skiljet drift/investering

Som tiltak av investeringsmessig karakter reknar ein utgifter til kjøp av eigedelar til varig eige eller bruk, av vesentleg verdi, samt påkostning på slike eigedelar. Praktiseringa av dette regelverket kan vere utfordrande og vil ofte krevje skjønn. Regelverket set vesentleg verdi til kr 100 000.

Vi har kontrollert eit utval faktura under kr 100 000, og fann at desse var knytt til tiltak som er vurdert å vere av investeringsmessig karakter. I tillegg vart eit utval av investeringsprosjekta vurdert nærare opp mot kriteria for føring i investering. Det vart ikkje funne vesentlege feil.

Salsområdet – pleie og omsorg

Regelverket for vederlag for opphald i institusjon er heimla i forskrift om egenandel for helse- og omsorgstjenester, og skil mellom langtids- og korttidsopphald. Sula kommune tilbyr berre korttidsopphald. Ved korttidsopphald som overstig 60 dagar skal kommunen ta betaling etter reglane for langtidsopphald. I slike tilfelle skal det, når skatteoppgjeret ligg føre, gjerast eit etteroppgjer for å kontrollere om bebuaren har betalt rett vederlag.

For eit utval av bebuarane som hadde opphald over 60 dagar i 2016 har vi kontrollert etteroppgjeret. Det er ikkje funne vesentlege feil. Vår vurdering er at kommunen har fått på plass rutiner som skal sikre at kommunen følgjer regelverket for berekning av vederlag.

Oppfølging av periodisering, mellom anna variabel lønn desember

God kommunal rekneskapskikk krev at kommunane skal bruke anordningsprinsippet. Dette prinsippet seier at alle kjente utgifter og inntekter skal takast med i rekneskapan for året, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapan vert avslutta.

Å ikkje periodisere variabel løn har vore vanleg praksis i mange år, også i Sula kommune. Variabel løn for desember blir utbetalt i januar året etter, og har vore bokført på det nye året. Dette har samanheng med at lønsinnberetninga for dei tilsette følgjer tidspunkt for utbetaling, i tillegg til at det er stor grad av automatiske posteringar ved bokføring av lønn. Etter anordningsprinsippet skal løna bokførast på det året den er opptent, ikkje det året den er utbetalt. Slik vil rekneskapan vise eit meir rett bilde av utgiftene i året og forpliktinga ved utgangen av året.

Kommunen har ikkje periodisert variabel løn i rekneskapan for 2017, men vil endre praksis frå 2018. Variabel løn er estimert til kr 5 mill, og kommunen har sett av midler for å ta høgde for dei auka utgiftene i overgangsåret.

Med helsing



Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik
revisjonsrådgjevar

Sak 12/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.

Vedlegg: Sak 02/18 frå Sula kontrollutval: Plan for forvaltningsrevisjon

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best muleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løyvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen.

Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbetningsarbeidet i kommunen.

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.

Den overordna analysen som dannar grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vil normalt vere avgjerande for kva som blir hovudfokus i dei enkelte prosjekta, og kva undersøkingsperspektiv som skal leggjast til grunn.

Ein forvaltningsrevisjon om rusomsorg i ein kommune kan til dømes ha eit organisasjonsperspektiv, regeletterlevingsperspektiv eller brukarperspektiv.

Ofte vil det vere fornuftig å kombinere fleire perspektiv i ei og same undersøking. Perspektiva vil kome til uttrykk gjennom måten problemstillingane er formulerte.

Formulering av problemstilling:

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet leggje spesiell vekt på utforminga av problemstillingane for prosjektet. Problemstillingane dannar i stor grad ramma for datainnsamling, analyseperspektiv og kva resultat undersøkinga kan kome fram til. Ordtaket «som ein spør får ein svar», er i høgste grad gjeldande her. Før bestilling av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, er det viktig at kontrollutvalet vurderer om problemstillingane er godt formulerte, og om dei er i samsvar med utvalet sine intensjonar for undersøkinga.

Problemstillingar vil som regel vere formulerte som spørsmål. Detaljeringsgraden i problemstillingane kan variere. Svært detaljerte problemstillingar vil gjerne gje svar som er knytte til eit svært avgrensa område, medan svært vide problemstillingar kan resultere i at undersøkinga ikkje blir tilstrekkeleg målretta og fokusert. Talet på problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon kan også variere.

Dersom talet på problemstillingar blir svært omfattande, kan det vere fornuftig å vurdere om undersøkinga bør avgrensast eller delast opp i fleire mindre prosjekt. Bruk av hovudproblemstillingar med underproblemstillingar kan vere ein måte å kombinere breidd i undersøkinga med å fordjupe seg på nokre sentrale område. Områda ein fordjupar seg i kan til dømes vere knytte til spesifikke krav i regelverk, vedtak eller målsetjingar.

Innstilling til vedtak:

Formålet med denne saka er at utvalet sjøl skal diskutere seg fram til eit eller fleire tema for forvaltningsrevisjon og deretter prioritere kva som er viktigast. Vidare skal utvalet gjere eit vedtak som blir grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon hos Kommunerevisjon 3. Dei vil så kome tilbake på neste møte med ei projektskisse og planen kan settes i bestilling.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat

Sak 02/18 - Plan for forvaltningsrevisjon for Sula kommune

Plan for forvaltningsrevisjon

Sula kommune

BAKGRUNN

Sula kontrollutval drøfta plan for forvaltningsrevisjon i sak 09/16 i sitt møte av 14.11.16. I referatet går det fram at dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte om ein plan under arbeid, der ein la opp til ein meir fleksibel, tidsaktuell og hendingsbasert tilnærming til planverket enn det ein har hatt tidlegare. Vidare går de fram av vedtaket at kontrollutvalet imøteser dette.

Etter dette, har det per i dag vore eit møte i kontrollutvalet. I dette møtet var det berre årsmeldinga og kommunerekneskapa som var satt opp som saker.

INNLEIING

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda, skal bli identifisert med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på «risiko- og vesentlighetsvurderingar».

Kommunestyret har det øvste ansvar for tilsynet med forvaltninga. Kontrollutvalet er det organ som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre dette tilsynet, og er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som eventuelt er gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Sula kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna tilsynsansvaret i kommunen, kan kommunestyret gje instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
- Rapportar om forvaltningsrevisjon
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt hatt ei rivande fagutvikling dei seinare åra. Det sentrale ved all revisjon er å setje inn ressursane der ein mest truleg finn dei mest vesentlege forbetringane. Det er dette som skal vere det berande prinsipp når kommunestyret og kontrollutvalet skal velje ut prosjekt, og er meiningsinnhaldet i ein plan der vala er basert på «risiko- og vesentlighetsvurderingar».

I ein periode på fire år oppstår det gjerne hendingar som gjer at eit kommunestyre og/eller kontrollutval ønskjer å sette i gang undersøkingar. Vi kan kalle slike undersøkingar hendingsbaserte, i motsetnad til risikobaserte. Det kan typisk vere ei uønska hending eller tilstand som blir kjend gjennom ei varsling, eit medieoppslag eller liknande. Fellesnemnaren er at noko kritikkverdig kan ha skjedd, og kontrollutvalet og/eller kommunestyret ønskjer saka belyst, med fokus på den konkrete hendinga. Formålet kan vere å klarlegge og gi ei framstilling av kva som faktisk har skjedd, og deretter å belyse eller forklare dei utløysande faktorane. Ofte vil media og publikum vere særst interessert i slike saker.

Ordet gransking blir gjerne brukt i ein slik samanheng. Det er likevel grunn til å vere varsam med omgrepsbruken. Gransking som undersøkingsmetode er ikkje regulert i kommunelova og er heller ikkje eit eintydig omgrep. Det blir gjerne oppfatta som dramatisk om ein klassifiserer ei undersøking som gransking. Bruken av omgrepet kan tilføre saka ein alvorlegare dimensjon enn den i utgangspunktet har. Det finns retningsliner for profesjonar si gjennomføring av gransking, til dømes Advokatforeininga sine retningsliner. Temaet er omtalt i Kontrollutvalsboka.

For mange hendingsbaserte undersøkingar er det tenleg å organisere undersøkinga som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt etter standard for forvaltningsrevisjon.

Det er vår erfaring at hendingsbaserte undersøkingar gjerne er *enklare å gjennomføre*, då ein ofte har klart føre seg kva som er aktuelt å sjå nærare på. Vidare er det gjerne eit *større behov* blant innbyggerane, media, kommunestyret for slike undersøkingar. Ei slik tilnærming kan mao gi ei *betre utnytting* av dei knappe ressursane som er stilt til rådvelde for forvaltningsrevisjon.

Det bør også vere noko samsvar mellom eventuell kritikk og det tidspunktet ei uønska hending oppstår. Dette vedkjem også i kva grad ein kan stille rådmannen ansvarleg.

Kommunerevisjonen vil tilrå ein dynamisk plan, som ein revisjonsplan gjerne skal vere. Vi tek sikte på ei årleg drøfting og rullering i kontrollutvalet. Planen vil då bli oppdatert med nye aktuelle kontrolltema sidan førre rullering. I tråd med dette vil behovet bli vurdert opp mot tilgjengelege ressursar. Det er ønskjeleg både for revisjonen og kontrollutvalet at ein får ned tida frå vedtak om ein gjennomgang til rapport blir ferdigstilt.

Vi vil presisere at ein dynamisk plan ikkje er til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret kan skjere gjennom og vedta ein gjennomgang når det er ønskjeleg.

KONTROLLUTVALET SI RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET

Det er eit krav at revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Normalt vil rapportar bli formidla til kommunestyret, men kontrollutvalet har inga plikt til dette. Utvalet har derimot ei plikt til å sjå etter at kommunestyrevedtak knytt til slike rapportar blir følgt opp. Det ligg likevel ikkje til kontrollutvalet å fastsetje på kva måte administrasjonen skal følgje opp

vedtaka. Det er stilt krav om at administrasjonen blir gitt rimeleg tid, men kontrollutvalet må sjølv vurdere bruken av tidsfristar.

INNHALDET I FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. I dette ligg om:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultatane i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultatane er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultatane er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje å avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi. Det vil ofte vere slik at det er lite tenleg at kontrollutvalet gjennom forvaltningsrevisjon, fokuserer på område der andre instansar har tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Revisor skal rapportere resultatane av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Ved slike rapportar skal administrasjonssjefen ha høve til å gi uttrykk for sitt syn, og dette skal ligge ved. Om revisjonen gjeld eit kommunalt føretak, skal styret og dagleg leiar sitt syn ligge ved.

OM RISIKOSTYRING

Planen skal vere basert på *ei overordna analyse* med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon, og slik vere til hjelp når kontrollutvalet vel kva for tema ein har behov for ein systematisk gjennomgang av. Utover det at den skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats, er det ikkje stilt nærare krav.

Den overordna analysen skal vere basert på vurderingar av risiko og kva som er vesentleg. Ein kommune som styrer risikobasert, arbeider mot å identifisere kva som kan gå galt, med andre ord kva kan skje som inneber at eit tenesteområde ikkje når sine uttalte og ikkje uttalte mål. Vidare blir det prøvd å vite noko om kor sannsynleg det er at noko går gale og kva for konsekvensar det får. Til slutt tek ein slik organisasjon stilling til kva for tiltak ein kan sette inn for å redusere både omfanget av konsekvensane og kor sannsynleg det er at dei oppstår.

Den same tenkinga skal etter regelverket også ligge til grunn ved val av prosjekt innan forvaltningsrevisjon. Ein skal søkje å finne dei teneste- og temaområde der det mest truleg er mest vesentlege avvik frå uttalte og ikkje uttalte målsettingar.

Innanfor ramma av ei verksemd sitt føremål må leiinga etablere strategiske målsettingar, velje strategi og etablere tilhøyrande målsettingar for verksemda.

Rammeverket for risikostyring har fokus på å oppnå målsettingar som ein kan dele inn i følgjande fire kategoriar:

- *Strategiske* – mål på overordna nivå som er i samsvar med og understøttar verksemda sitt føremål
- *Driftsrelaterte* – målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursane i verksemda
- *Rapporteringsrelaterte* – påliteleg rapportering
- *Etterlevingsrelaterte* – etterleving av gjeldande lover og reglar

Inndelinga av verksemda sine målsettingar i kategoriar gjer det mogleg å fokusere på ulike aspekt vød risikostyring. Dei forskjellige, men også overlappande kategoriane rettar seg mot ulike behov i ei verksemd og ligg under leiarane sitt ansvarsområde. Denne inndelinga gjer det også mogleg å skilje mellom kva ein kan forvente innan ulike kategoriar.

Då målsettingar relatert til påliteleg rapportering og etterleving av lover og reglar er innanfor ei verksemd sin kontroll, kan risikostyring forvente å gi rimeleg grad av trygging for at desse målsettingane blir nådd. Oppnåing av strategiske og driftsrelaterte målsettingar er påverka av eksterne hendingar som verksemda ikkje alltid kan kontrollere. Risikostyring kan vere med på å sikre at leiinga og kommunestyret i si tilsynsrolle, rettidig blir gjort merksam på om verksemdene går mot oppnåing av målsettingane.

Vi har prøvd å gi eit innblikk i kva for tankegoods som ligg til grunn i reglane for planverk innan forvaltningsrevisjon. Dei ambisjonane som blir trekt opp er ambisiøse, og det er sjølv sagt positivt. Eit rigid og objektivt planverk vil likevel kunne vise seg å seie lite om det praktiske. Det beste planverket må søke å

integre det objektivt faktabaserte med det subjektivt erfaringsbaserte som politikarar og administrasjonen sitt med. Det er vår og andre si erfaring at eit ambisiøst og vidt planverk gjerne viser seg å vere krevjande å vedlikehalde.

Regelverket er ikkje til hinder for at planen blir rullert i kommunestyret oftare enn kvar valperiode. Det vil kunne sikre god forankring og aktualitet. Vår erfaring er at kommunestyra gjer gode val av prosjekt når dei finn det naudsynt.

ANALYSE

Ei omfattande og detaljert analyse legg bindingar på ressursar og dette kan kome i konflikt med aktualitet. Plan for forvaltningsrevisjon bør difor som tidlegare nemnt etter vår vurdering vere eit dynamisk dokument, med rullerande analyse.

Det er etter vårt syn slik at ei analyse kan vere kvalitativ, altså verbalt drøftande, i staden for å vere kvantitativ. Det kan og vere ein kombinasjon.

Vedtak om undersøkingar frå kommunestyret

Det ligg ikkje føre vedtak om undersøkingar.

Oppfølgingssaker frå kontrollutvalet

Det ligg ikkje føre oppfølgingssaker frå kontrollutvalet.

Generelle utviklingstrekk

Det har vore ein vekst i folketalet dei siste åra. Denne veksten er litt redusert dei seinare år. Utviklingstrekk er elles ein synkende andel av kvinner.

	2012	2013	2014	2015	2016
Folkemengden i alt	8 397	8 651	8 855	8 952	9 007
Økning	1,7 %	3,0 %	2,4 %	1,1 %	0,6 %
Andel kvinner	49,0 %	48,9 %	48,6 %	48,5 %	48,4 %

Rekneskap og økonomi

Vi har framstilt ein tabell som syner utviklinga i tre viktige indikatorar som seier noko om den økonomiske utviklinga for Sula kommune dei siste åra:

	2012	2013	2014	2015	2016
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	5,5	3,5	0,1	2,4	3,3
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	8,9	10,3	12,2	11,8	12,8
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	94,2	97,8	100,9	104,7	110,4

Riksrevisjonen har anbefalt eit driftsresultat på over 1,75 %, eit disposisjonsfond på over 5 % av inntektene og eit gjeldnivå under 75 % av inntektene. Sula har vore innanfor den anbefalte norm for driftsresultat med unntak for 2014. Vidare ligg disposisjonsfonda godt innanfor anbefalt norm. Lånegjelda derimot stig over alle desse åra, og er godt utanfor anbefalt norm.

Vi har også framstilt ein tabell som samanliknar desse indikatorane for 2016:

	Sula	Gruppe 7	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	3,3	4,2	3,5	4,1
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	12,8	10,8	5,5	8,3
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	110,4	87,9	100,5	83,1

Overordna planarbeid

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2010 – 2020 vart vedteke i kommunestyret den 16.06.11 i sak 035/11, medan arealdelen for 2015 - 2025 vart vedteke i sak 027/15 den 30.04.15.

Kommuneplanen skal gi målsetningar og strategiar for å nå måla. I eit heilskapleg målstyringsarbeid er det viktig å ha ein oppdatert vedteken kommuneplan som skal vere det overordna dokumentet på dette området, og det har Sula kommune.

Planstrategien for 2016 – 2020 vart vedteke i sak 008/17 den 09.02.17.

Det er utarbeidd ei ROS-analyse som inngår i arealdelen. I denne går det fram at: *Dette er ein grovanalyse og det er gjennomført ei grov klassifisering av risiko og sårbarheit. Analysen er ei vidareføring av analysen som vart gjennomført i 1997/98 og for fleire av tema er det gjort ei grov klassifisering av risiko.*

Ein observerer ofte ein svak samanheng mellom kommuneplanen som har eit fast 10 til 15 års perspektiv og økonomiplanen som har eit 4 års rullerande perspektiv

Eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt kan vere målstyringsarbeidet i Sula kommune.

Tenesteleverandør og myndigheitsutøvar

Dette området omfattar kommunen si myndigheitsutøving og tilbod om sentrale tenester til innbyggjarane. Aktuelle spørsmål er mellom anna:

- Blir innbyggjane og brukarar likebehandla?
- Blir tenester levert i rett tid, med riktig kvalitet og med ønska effekt?
- Blir sårbare grupper vareteke på ei god måte?

Kommunen har ei rekke områder der det blir utøvd mynde eller levert tenester ovanfor store brukargrupper. I tillegg til områder som angår alle som VAR, gjeld det til dømes barnehageområdet med 675 barn med barnehageplass (private/kommunale) i 2016, grunnskule med 1 246 elever i kommunale og private skular og 455 mottakarar av pleie og omsorgstenester i 2016.

Plan- og byggesaksbehandling er eit anna område som vedkjem mange, og er av stor betydning både for dei som søker, men også for samfunnsutviklinga. Det er viktig av denne tenesta har eit godt omdøme, og ein høg allmenn tillit.

Ein bør også vere særskild merksam på dei mindre og sårbare brukargruppene som barnevernsklientar, rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og personar med psykisk utviklingshemming. Det er m.a. utarbeidd ein handlingsplan for rusmiddelarbeid 2016 – 2020 med mål og strategiar for Sula kommune sin rusmiddelpolitikk.

Det kan vere risiko knytt til kvalitet i barnehage, mellom anna auka ambisjonsnivå med omsyn til språk, bemanning, kompetanse og inne- og uteareal.

Innan utdanning vil det til dømes kunne vere risiko knytt til om det er lik vurderingspraksis på tvers av skular, og skulane sitt bidrag til elevane si læring.

Innan barnevernet er det gjerne risiko knytt til m.a. handsaming av bekymringsmeldingar, samarbeid med andre instansar, minoritetskompetanse, kapasitet, etablering og anskaffing av eigna tiltak, rekruttering av foster- og beredskapsheim, oppfølging av barn med tiltak utanfor heimen og omdømeproblematikk. Det omfattar også det å ta godt vare på eit mogleg aukande tal på mindreårige flyktningar som kan ha behov for tiltak.

Fylkesmannen har hatt ein del tilsyn med barnevernet dei seinare år. Det føreligg ein tilsynsrapport av 21.11.14 om oppfølging av barn i fosterheim. Vidare ein rapport av 15.05.15 om fristar. Fylkesmannen har også gjennomført tilsyn datert 19.06.16, der tema var: *Tilsyn med korleis kommunen arbeider med undersøkingssaker og følgjer fristane i barnevernlova § 6-9*. Det blir rapportert til fagutvalet for oppvekst om utviklinga i høve til tilsyna.

Forvaltningsrevisjon innan området myndigheitsutøving og brukartilpassa tenester med tilstrekkeleg kvalitet kan rettast mot sakshandsaming, kvalitet, produktivitet, oppnådd resultat og effektar for brukarane. Dette området omfattar i stor grad arbeidsintensive sektorar der mynde blir utøvd og tenester levert i eit relativt tett samspel med brukarane.

Samfunnsutvikling, infrastruktur og samfunnstryggleik

Det å nå sine mål på dette området krev effektive planprosessar, gode løysingar på tvers av sektorar og hensiktsmessig verkemiddelbruk. Aktuelle spørsmål er m.a.:

- Blir det utført godt og koordinert planarbeid?
- Har kommunen tilfredsstillande beredskap og blir det arbeid i tilstrekkeleg grad med førebygging?
- Blir det arbeid målretta og effektivt med utvikling og drift av infrastruktur?

Nokre av punkta over er og relevante for næringsutvikling. For eksempel pådrivarrolle i arealplanar mv i høve til å legge til rette for ulike typar tomter og anna areal (bustader, hytter, næringsbygg mv), om offentleg infrastruktur er tilfredsstillande (Vegar/parkering/kai), bruk av næringsfond eller liknande. Infrastruktur som Vatn, avlaup og renovasjon til god kvalitet er blant kommunen sine viktigaste oppgåver.

Vidare er kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap viktig for å førebygge og om naudsynt handtere hendingar som kan setje liv og helse til innbyggjarane i fare og true vesentleg infrastruktur, funksjonar og verdiar. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil eller av bevisste handlingar. Beredskap og krisehandtering er viktig for m.a. skular, barnehagar, sjukeheimar og bueningar.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg m.a. kommunen å jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar, med sikte på å førebygge og redusere risiko og sårbarheit. Dette set store krav til kommunen si kartlegging, analyser, planarbeid, øvingar og tilsyn.

Forvaltningsrevisjon innan dette området kan vere retta mot arbeidet med reguleringsplanar og anna planarbeid, utbyggingstakt, beredskapsarbeid, tilsyn, ressursbruk, produktivitet, oppnådd resultat og effektar.

Arbeidsgjevarpolitikk – Helse, miljø og tryggleik

Sula kommune hadde iflg. KOSTRA 895 tilsette i 2016 som var fordelt på 641,7 avtalte årsverk. Konserntal som inkluderer dei kommunale føretaka angir 645,0 årsverk. Sula kommune er med andre ord ein stor arbeidsgjevar.

Aktuelle problemstillingar kan til dømes vere om kommunen har:

- føremålstenlege system og rutinar knytt til rekruttering av nye arbeidstakarar?
- føremålstenlege system og rutinar knytt til å behalde og utvikle arbeidstakarane?
- føremålstenlege system og rutinar knytt til avvikling av arbeidsforhold?
- tilstrekkelege rutinar for handtering av vanskelege personalsaker?
- tilfredsstillande rutinar for arbeidet for reduksjon av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte?
- føremålstenlege rutinar knytt til bruk av vikarar og konsulentar?
- eit system som sikrar at regelverk knytt til innleige av arbeidskraft blir etterlevd?

Verksemdstyring, digitalisering og informasjonstryggleik

Området omfattar kommunen sitt arbeid med verksemdstyring, digitalisering og informasjonstryggleikt. Aktuelle spørsmål er bl.a.:

- Er styringa av drifta god, og blir det jobba målretta med utvikling og omstilling?
- Er det god kontroll med investeringane?
- Blir informasjonstryggleik i kritiske IKT-system godt ivareteke?

IKT er ein stadig viktigare og meir integrert del av tenesteproduksjonen, og er ein føresetnad for god produktivitet, effektivitet og oppnådde resultat og for kommunen si forvaltning generelt. Kommunen sine fellessystem har betydning for effektiv drift i all kommunal verksemd. Ved ei satsing på digitalisering av tenesteproduksjonen, må ein leggje vekt på informasjonstryggleik, slik at verken

vital informasjon om kritisk infrastruktur eller personopplysningar kjem på avvege.

For å gi eit tilstrekkeleg tilbod og sikre ein mest mogleg effektiv ressursutnytting, er det nødvendig med god verksemdsstyring, god intern kontroll og gode rutinar og kontrollaktiviteter på alle nivå, samt kontinuerleg modernisering og effektivisering av kommunen si drift. Intern kontroll er eit leiingsansvar.

Mangelfull styring kan med andre ord auke risikoen for lav modernisering- og utviklingstakt, vesentlege overskridingar, lågare inntekter enn forventa, ineffektiv tenesteproduksjon, at tenesteproduksjonen ikkje blir av forventa omfang eller kvalitet, samt mislege høve.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot verksemdsstyring og intern kontroll, planlegging og styring av investeringar, informasjonstryggleik og styring av IKT.

Budsjett og budsjettoppfølging

Etter budsjettforskrifta skal rådmannen utarbeide forslag til tiltak dersom det oppstår budsjettavvik, og gjere endringar i årsbudsjettet når det er nødvendig.

Investeringsbudsjettet er eittårig. Det betyr at det er same krav til budsjettreguleringar på investeringsbudsjettet som det er på driftsbudsjettet dersom det ser ut til å bli avvik. Dersom det viser seg at ein vart forseinka med investeringar i førre år, må ein auke budsjettet i inneverande år. Lån som ein tok året før må ei då ta omsyn til ved årets låneopptak.

Det skal og presiserast at det berre er kommunestyret som kan vedta budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B, og eventuelle endringar i desse.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot system for budsjettoppfølging for både driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Større investeringar

I budsjettet for 2018, utgjer ulike opprustingar av skule om lag 28 mill kr. Nokre mindre prosjekt utgjer om lag 3,3 mill kr. Det er også set av 5,0 mill kr som ei rammeløyving til grunnkjøp.

Når det gjeld felles ikt og ikt i høve til skuleplanen legg ein opp til nytte respektivt 3,0 mill kr og 1,4 mill kr per år i planperioden.

Det ligg inne ei rammeløyving til veg på 2,6 mill kr per år, i alt 10,4 mill kr over planperioden. Vidare er det store rammeløyvingar til vatn og avlaup på for 2018 og 2019, på i alt respektivt 25 mill kr og 40 mill kr. Desse investeringane vil virke på gebyra som innbyggjarane i kommunen vil måtte betale.

Dette er spesifisert som rammeløyvingar i budsjettet som blir vedteke i desember. Allereie i første kommunestyret på nyåret blir likevel desse rammene konkretisert

ut i ein eigen sak. Slik vi ser det, blir desse rammeløyvingane også følgt opp tett gjennom året.

Av større framtidige investeringar er eit nytt helsehus til 100 mill kr i 2021, der 1,5 mill kr til prosjektering ligg inne i budsjettet for 2018. Rørstadmarka skule ligg inne i økonomiplanen frå 2019, med i alt om lag 246 mill kr

Samla investeringar 2018 til 2021 inkl mva (1 000 kr):

2018	2019	2020	2021	Sum
81 110	145 850	143 400	116 050	486 410

Sula kommune legg opp til ei høg investeringstakt, samstundes med at kommunen nok allereie har ei lånegjeld som er godt utanfor normtal for ei berekraftig utvikling.

Prosjektstyring, oppfølging av anbudskontraktar, innkjøp mv. kan vere aktuelle tema for kontrollutvalet å sjå nærare på i samband med investeringar.

Mislege høve

Dersom revisjonen oppdagar mislege høve vil dette bli rapportert til kontrollutvalet i form av såkalla nummerert brev (jf. revisjonsforskrifta § 4).

Gode rutinar for varsling er viktig for fange opp og avdekke mislege høve.

VAL AV PROSJEKT

I protokollen av 14.11.16 frå drøftingsmøtet i kontrollutvalet om plan for forvaltningsrevisjon går det fram at:

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Anbudskontraktar, Utgreiingar/saksbehandling – om dei er tilstrekkelege. Eventuell bruk av VAR – midlar til andre føremål.

Kommunerevisjonen har gjennomført ein gjennomgang av offentlege innkjøp i samband med rekneskapsrevisjonen for 2017. Etter vår syn er det ikkje noko ved den gjennomgangen som tilseier at det er nokobehov for ei utvida undersøking i form av ein forvaltningsrevisjon. Det vi ikkje har kartlagt er ei problemstilling av typen: *Har Sula kommune et tenleg system for kontraktoppfølging? Herunder: I kva grad blir det følgt opp at leverandørane leverer varene og utfører tenestene i tråd med dei krav som er set i kontakta?*

Vi antek at det er dette det er sikta til i høve til *anbudskontaktar*. I rettleiar for kontraktoppfølging ved offentlege anskaffingar står det:

Kontraktoppfølging er alle forhold og situasjoner som oppstår fra en kontrakt er signert, til kontrakten er avsluttet og partene ikke lenger har rettigheter og plikter etter kontrakten. Dette innebærer særlig å kontrollere og sørge for at leverandøren leverer det han skal, når han skal, og ellers oppfyller alle sine plikter. Men det innebærer også blant annet å implementere kontrakten i sin egen virksomhet, så man selv etterlever forpliktelsene overfor leverandøren.

Ein annan stad i denne rettleiaren står det:

Regelverket om offentlige anskaffelser er komplekst, og offentlige innkjøpere legger stor vekt på korrekt etterlevelse av kravene i regelverket. Det kan i mange tilfeller se ut som dette går på bekostning av innsatsen for å inngå en god og gjennomarbeidet kontrakt med den vinnende leverandøren.

Vi viser også til følgjande anbefaling i rettleiaren:

Slik oppdragsgiveren gjerne har rutiner og retningslinjer for innkjøp i sin virksomhet, bør han også ha etablert rutiner og retningslinjer for god kontraktoppfølging og fakturahåndtering. For kontraktregisteret er det for eksempel essensielt at systemet er oppdatert til enhver tid, slik at det inneholder en komplett oversikt over løpende kontrakter hos oppdragsgiveren.

Når det gjeld *Utgreitingar/saksbehandling* – om dei er *tilstrekkelege*, er dette eit tema som alltid er særskilt aktuelt. I kva grad dei er *tilstrekkelege*, kan likevel vere eit prosjekt som det kanskje kan vere vanskeleg å få mykje ut av. Kommunerevisjonen skal snart ferdigstille rapportar der dette er eit av fleire tema, i nokre av dei andre kommunane i revisjonsdistriktet. Vi rår difor til at ein i Sula kommune ventar på dei erfaringar vi gjer der, før ein set i gang med ei liknande undersøking i Sula kommune.

Når det gjeld *VAR-midlar til andre føremål*, er vi ikkje kjend med at det skal vere noko som tilseier ein gjennomgang. Rett nok skil kanskje handteringa av henføring av indirekte kostnader seg noko frå andre kommunar. Dette er eit teknisk aspekt som vi har vore kjend med, og som vi ikkje har merknadar til.

TIMEBUDSJETT

Kommunerevisjonen har i budsjettet lagt til grunn ei timeramme på 200 timar i året til forvaltningsrevisjon og undersøkingar for Sula kommune.

I høve til dette kan det ved hendingar og bestillingar skje at ein må gå over budsjettert ramme. Det kan då vere aktuelt å gjere ei tilleggsfakturering i slike særskilde situasjonar. Dette krev i slike tilfelle vedtak i kommunestyret.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.

2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020 til orientering.

Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 – Sula kontrollutval.

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sula kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Sula kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggest fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Sula kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
10.09.2018
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*
«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
 - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*
 - *Styrets leder i MRR*
 - *Daglig leder i MRR*
 - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

Representanter:


Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara

Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara

Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing



Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar